

Orden og åtferdsreglar ved Eidsdal skule

Forskrift til opplæringslova: § 3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd:

” Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen ”

Hovudregel: Vi skal vere hjelpsame, høflege og vise omsyn og respekt overfor medelevar, lærarar og andre tilsette, slik at alle kan trivast best mogleg på skulen. Skulen skal leggje vekt på å førebyggje mobbing og ingen skal føle seg utanfor på nokon måte.

- Punkt 1: Vi skal kvar dag møte punktleg, følgje opp arbeid som skal gjerast, og ha med høvelege klede og anna nødvendig læremiddel og utstyr. Alle pliktar å ta vare på skulen og medelevane sitt utstyr, og halde seg til skulen sine retningslinjer og reglement. Arbeidsvanar og arbeidsinnsats er med i grunnlaget for vurderinga i orden.
- Punkt 2: Elevane tek til å ete 5-15 minutt før det ringjer ut til matfriminuttet . Vi skal sitje i ro på klasserommet vårt når vi et maten, og det skal vere matro. Når vi er ferdige med å ete, ryddar vi og går ut - seinast klokka 1115. Vi tek ikkje med mat ut, men vi kan ta med vassflaske og frukt.
- Punkt 3: Vi skal vere ute i alle friminutt dersom veret tilseier det. Rektor avgjer frå friminutt til friminutt. Elevane skal straks gå inn når skuleklokka ringer.
- Punkt 4: Elevar i ungdomsskulen skal parkere sykklar, kjelkar og sparkar ved gymnastikksalen. Elevar i barneskulen skal parkere sykklar, kjelkar og sparkar ved vestsida av ballbingen. Sykklar, sparkar, sparkesykklar eller kjelkar, skal ikkje brukast i friminutta.
- Punkt 5: Vi kan kaste snøball berre mot godkjende mål. Frivillig snødukking kan berre utøvast på fotballbana.
- Punkt 6: Vi skal ikkje gå utanom skuleområdet utan særskilt løyve frå lærar.
Opphald på austsida av skulen (mot elva) er forbode.
- Punkt 7: Vi skal ikkje ha med snop på skulen. Ungdomsskuleelevane kan tyggje tyggjegummi under føresetnad av at det ikkje vert tilgrisa på inventar eller på skuleplassen.
- Punkt 8: Mobiltelefon og anna elektronisk utstyr kan brukast dersom læraren tillet det. Dei som ønskjer å nytte PC til fagleg bruk, skal ha spesielle avtaler for bruken av denne i skuletida.
- Punkt 9: Sko for bruk utandørs skal ikkje nyttast inne. Sko for bruk utandørs og uteklede skal setjast på tilvist plass.
- Punkt 10: Ved **brot** på ordensreglane viser ein til dei kommunale fellesreglane.

Vedteke i SU 18.05.2017